



Arkivsaknr: 2025/13851-1
Sakshandsamar: Runar Bleie Bertheussen
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Likviditetsforvaltning – fullmakt til kassekreditt og fondsuttak

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt i 2026 til:

1. å disponere, omplassere og eventuelt ta ut midlar frå fondsplasseringane i Pluss Kort Likviditet II og DnB Asset Management for å styrke kommunen sin likviditet ved behov
2. å plassere likvide midlar til låg risiko og rask tilgang for best mogleg avkastning, til dømes i pengemarknadsfond der midlane kan takast ut på kort varsel
3. å ta opp kassekreditt dersom det er nødvendig for å sikre at Alver kommune kan oppfylle sine betalingsforpliktingar

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Alver kommune sitt disposisjonsfond har vore synkende dei siste åra og er venta å vere på om lag 143 millionar kroner per 1. januar 2026. Kommunen har store og jamlege utbetalingar, særleg i samband med lønn, og har behov for ein minimumslikviditet som ligg på nivå med disposisjonsfondet ved inngangen til 2026.

Ein del av midlane i disposisjonsfondet er plasserte i fond. Per 31. august 2025 er 31,4 millionar kroner plassert i pengemarknadsfondet Pluss Kort Likviditet II, og 146,5 millionar kroner er plasserte langsiktig hos DnB Asset Management.

Kommunen sin likviditet er no under press, og det kan bli nødvendig å frigjere midlar frå fondsplasseringane for å sikre betalingsevna. Kommunedirektøren ber om fullmakt til å disponere og eventuelt ta ut midlane som er plasserte i Pluss Kort Likviditet II og hos DnB Asset Management for å styrke kommunen sin likviditet ved behov. Kommunedirektøren får og fullmakt til å plassere desse midlane kortsiktig i pengemarknadsfond for å oppnå høgast mogleg avkastning på likvide plasseringar, samstundes som midlane skal vere lett tilgjengelege ved behov.

I periodar med særleg press på likviditeten kan det og vere nødvendig å nytte kassekreditt for å oppfylle kommunen sine betalingsforpliktingar. Bruk av kassekreditt er ei kostbar løysing, og alle andre tiltak vil bli vurderte før slik finansiering blir nytta. Dersom kommunen likevel kjem i ein situasjon der likvide midlar er oppbrukte, ber kommunedirektøren om fullmakt til å ta opp kassekreditt for å sikre at kommunen kan oppfylle sine økonomiske forpliktingar.